



Uno



VOSS 3-ETAPPARS 2026

Uno-X Norgescup tempo,
gateritt og fellesstart

Arrangør: Vossevangen CK

Ver. 2: oppdatert 30. juli





Innhold

1. Tid og stad	3
2. Rittskildringar	3
2.1. Ritt nr. 1, fredag 7. august	3
2.2. Ritt nr. 2, laurdag 8. august	3
2.3. Ritt nr. 3, søndag 9. august	3
3. Rittreglar	3
4. Klassar	4
5. Seeding	4
6. Lisens	4
7. Påmelding	4
8. Lagstelt/Lagparkering	5
9. Overnatting	5
10. Tidsplan og tidsfristar	5
10.1. Sekretariatet/rittkontoret sine opningstider	6
10.2. Lagleiarmøte	6
10.3. Brikkesjekk før start	6
10.4. Utstyrsjekk før start	6
10.5. Opprop før start	6
11. Arena og Løyper	7
11.1. Arenakart	7
11.2. Teknisk- og langesone, servicekøyring	8
11.3. Løypekart	9
12. Resultat	12
13. Poeng og Premiar	12
14. Parkering og vegskildring	12
14.1. Parkering	12
14.2. Vegskildring til Bømoen Leir	12
15. Informasjon	12
16. Kontaktpersonar	13
16.1. Arrangementsnemnd	13
16.2. Kommissærar	13
17. Fordelsavtalar	13





1. Tid og stad

- Fredag 7. august** Tempo med start i **Granvin, Hardangervegen 2507**. Parkering ved Granvin Barne- og ungdomskule / Trudvang ungdomshus. Målgang på toppen av Skjervet, parkering nær mål, og langs vegskulder (sjå meir info på arenakart under punkt 11.1).
- Laurdag 8. august** Gateritt med start, mål og runding i **Bømoen Leir**. Parkering rett utanfor porten til leiren (sjå meir info på arenakart under punkt 11.1).
- Sundag 9. august** Fellesstartritt med start, mål og runding i **Bømoen Leir**. Parkering rett utanfor porten til leiren (sjå meir info på arenakart under punkt 11.1).

2. Rittskildringar

Voss 3-etappars er sett saman av tempo fredagen, gateritt laurdagen og fellesstartritt sundagen.

2.1. Ritt nr. 1, fredag 7. august

Tempo lik som i fjor, frå Granvin til toppen av Skjervet. Løypa går på gang- og sykkelveg langs vestsida av Granvinsvatnet før det kryssar under riksveg 13 og inn mot klatringa opp Skjervet og serpentinarsvingane forbi Skjervsfossen. Målgang på toppen av Skjervet ved rasteplassen/utsiktspunktet. Då har ein lagt bak seg 13 kilometer og 220 høgdemeter. Løypa er flat fyrste mila, det meste av høgdemeter får ein servert gjennom klatringa opp Skjervet til slutt. Nyasfaltert frå Nesheim stasjon til R13.

2.2. Ritt nr. 2, laurdag 8. august

Ny trase for gaterittet i Bømoen Leir, med færre svingar og ingen grus. Det vert eit fartsfylt ritt med ein del sving og nokre korte og nokre litt lengre rettstrekk. Runden er 1,6 km med løyperetning med klokka/sola og med minimalt med høgdemeter.

2.3. Ritt nr. 3, sundag 9. august

Ny trase for fellesstartritt, men framleis med start, mål og runding i Bømoen Leir. Runden er 17 km og med 200 høgdemeter. Ein startar ut frå Bømoen Leir, vestover på Bømovegen mot Palmafossen, og vidare austover på veg som vert brukt som gang- og sykkelveg parallelt med R13 til Mønshaugen. Tek kulvert under vegen og ned Bjørkemoen, og etter 8 km startar eit grusparti på 1,9 km. Fyrst over brua og deretter same motbakke som i fjor, opp Klettesbakkane til Raundalsvegen. Vidare på asfalt, fyrst flatt og så nedover Tjukkebygda mot Palmafossen. Der ein tek skarpt venstre og sykklar Flyplassvegen før ein skal ta snaue 300 meter på grus til gamle flystripa, følgjer den og så inn til runding/mål i Bømoen Leir.

3. Rittreglar

Rittet fylgjer reglane i UCI og NCF sitt reglement. Godkjent hjelm er påbode. Alle ryttarar sykklar på eiga ansvar og skal følgja arrangøren sine tilrådingar. Bruk hjelm også når du synfer, trenar og varmar opp. Det er alltid risiko for uhell og samanstyrt, og hjelm beskyttar. Me oppmodar alle, både ryttarane, foreldre og leiarar, om å ta hjelmbruk på alvor.

Det er ikkje lov å kasta bos langs løypa. Ritta går i kulturlandskap med matproduksjon og beitande dyr. Vær medviten ansvaret ditt og kast frå deg flasker eller søppel berre i søplesoner. Me oppmodar alle klubbar til å merka flasker slik at den enkelte klubb kan finna kva som er sitt og ta det med seg.

Det er ikkje lov å sykla i løypene mens ritt pågår. Brot på regelen vil medføre diskvalifikasjon.





På gaterittet laurdag kan ein stå over ein runde to gonger eller to rundar ei gong, men ein kan ikkje stå over siste to rundane.

Rittet er eit rent arrangement. Anti-doping Noreg tek umelde kontrollar på alle NCF-registrerte ritt. Me støttar Anti-doping Noreg i gjennomføringa av dette. Alle ryttarar og leiarar skal følgja instruksar gitt frå representantar frå Anti-doping Noreg.

4. Klassar

Kvinner	Menn	Fredag	Laurdag	Sundag
K Junior (17–18)	M Junior (17–18)	NC ritt tempo	NC gateritt (NCF kat. X)	NC fellesstart (NCF kat. X)
K Elite (Senior, 19+)	M Elite (Senior, 19+)	NC ritt tempo	NC gateritt (NCF kat. X)	NC fellesstart (NCF kat. X)

NB: Minner om fleksibel klasseinndeling for kvinner:

- Kvinner junior: For dei som fyller 17 og 18 år OG dei som fyller 16 og 19 år og ynskjer det.
- Kvinner Elite: For dei som fyller 19 år eller meir OG for dei som fyller 18 år og ynskjer det.
- Menn Jr.: For dei som fyller 17 og 18 år OG (etter 1. august) dei som fyller 16 år og ynskjer det.

5. Seeding

Ryttarane som er påmelde innan ordinær påmeldingsfrist og som har løyst lisens for 2026, vert seeda til temporittet. Seedingsgrunnlag er siste publiserte UCI-ranking, NC-stilling og NCF ranking. Etterpåmeldte ryttarar vert ikkje seeda.

6. Lisens

Ryttarar i elite- og juniorklassane må ha heilårslisens. Lisensen vert kontrollert mot NCF sitt register ved påmeldinga. For ytterlegare informasjon om lisensar, sjå NCF sine [nettsider](#).

7. Påmelding

Lenkjer til påmelding (påmelding til alle ritt er mogleg under kvart enkeltritt: [Skjervet tempo](#), [Bømoen gateritt](#) og [Bømoen fellesstart](#). Det er ope for ordinær påmelding til og med 2. august 2026 kl. 23:59.

Startkontingentar:

Klasse	Ordinær påmelding	Etterpåmelding
K/M Junior/Elite, per ritt	NOK 600,-	NOK 900,-
K/M Junior/Elite, alle tre ritt	NOK 1500,-	NOK 2250,-

Etterpåmelding er mogleg fram til onsdag 5. august kl. 23:59 mot 50 % prisauke. Startlister vert lagt ut på EQ Timing.





8. Lagstelt/Lagparkering

Det er greitt med plass til parkering ved start på tempoen i Granvin. Det er rikeleg med plass til parkering og team/klubbtekt i/ved Bømoen Leir. All parkering er gratis. Det er ikkje lov å nytta straumaggregat i lagstelta på grunn av brannfare og støy.

9. Overnatting

Me har fått same gode avtale med Bømoen AS om overnatting i kasernane i Bømoen Leir. Då bur ein ved start/runding/mål for både gaterittet laurdag og fellesstarten sundag, og det er 15 km med gang- og sykkelveg til målgangen for tempoen på toppen av Skjervet. **Prisen er 750,- per person per natt inkludert halvpensjon (frukost og middag).** Det er mogleg å koma tidlegare enn fredag 7. august.

Send **bestilling**, dess før dess betre, til Rune Herheim på e-post: rher@hvl.no. I fyrste omgang treng me berre ein omtrentleg tal på kor mange personar og dagar det gjeld og så må me ha bindande **namnelister** og informasjon om allergiar innan **3. august**. Frist for avbestilling/justering av antall er 3. august.

10. Tidsplan og tidsfristar

I denne seksjonen finn du alle viktige tidspunkt og fristar.

Fredag 7.8: Skjervet tempo (startint. 1 min, sjekk startliste for nøyaktig tid)

Øving	Klasse	Starttid	Distanse
Tempo	M junior	1730	13 km
Tempo	K junior	Ca. 1830	13 km
Tempo	K elite	Ca. 1845	13 km
Tempo	M elite	Ca. 1900	13 km

Laurdag 8.8: Bømoen gateritt

Øving	Klasse	Starttid	Distanse	Målgang
Gateritt	K junior	10:00	30 minutt + 3 rundar	10:35
Gateritt	M junior	11:00	45 minutt + 3 rundar	11:50
Gateritt	K elite	12:15	45 minutt + 3 rundar	13:05
Gateritt	M elite	13:30	60 minutt + 3 rundar	14:35

Sundag 9.8: Bømoen fellesstart

Øving	Klasse	Starttid	Distanse	Rundar	Målgang
Fellesstart	K junior/elite	08:00	85 km	4/5	10:20
Fellesstart	M junior	11:00	102 km	6	13:20
Fellesstart	M elite	14:00	119 km	7	17:00





10.1. Sekretariatet/rittkontoret sine opningstider

Fredag er sekretariatet plassert ved start for tempoen i Granvin og startnummer må hentast der. Laurdag og søndag er sekretariatet i Bømoen Leir (sjå [Arenakart](#)). Sekretariatet er ope:

Dag	Tid	Stad
Fredag	16:00–19:30	Granvin, Trudvang Ungdomshus
Laurdag	09:00–15:00	Bømoen Leir, apellplassen
Sundag	07:30–17:00	Bømoen Leir, apellplassen

For å henta startnummer må heilårslisens for 2026 vera løyst.

Det skal brukast to ryggnummer og eit målfotonummer på venstre side. Det skal brukast same nummer alle tre ritt. Ved tap av nummer kan nytt nummer hentast i sekretariatet mot ei avgift på kr 50,-. NB: Me oppmodar alle om å ta vare på sikkerheitsnåler og bruk dei same nålene på så mange ritt som råd.

10.2. Lagleiarmøte

Lagleiarmøtet vert **torsdag 6. august kl. 20 på Teams**. Påmelding til møtet må gjerast innan måndag 4. august kl. 20 til Rune Herheim på e-post: rher@hvl.no. Det er obligatorisk oppmøte sidan oppdatert informasjon vert gitt her. Lenkja til møtet vert sendt på e-post etter at påmeldingsfristen er gått ut.

Ynskje om servicebil må gjerast innan onsdag 5. august kl. 21:00 ved å fylla ut [dette skjemaet](#). For å redusera talet på bilar oppmodar me klubbar samarbeida om servicebilar. Rekkefølga vert gitt på lagleiarmøtet.

NB: Det vert ikkje mogleg å køyra service under temporittet.

10.3. Brikkesjekk før start

Emit-brikke skal brukas på alle ritt. Rytteren har sjølv ansvar for å gjennomføra brikkesjekk ved start/sekretariatet. Gjer dette minst 30 minutt før din start.

Brikka skal plasserast på gaffelen, fortrinnsvis på høgre sida. Personlege brikker skal vera registrert i EQ Timing på brukar knytt til lisensen. Ryttrarar skal ikkje passera mållina når dei ikkje køyrer ritt.

Ryttrarar som ikkje har brikke kan leiga brikke for kroner 100 for eitt ritt, 200 for 2 eller 3 ritt. Leigebrikker må returnerast etter siste ritt for å unngå avgift.

10.4. Utstyrsjekk før start

Det kan verta måling av temposykkel før temporittet fredag. Ryttrarar har sjølv ansvar for å stilla med godkjend hjelm, sykkel og drakt. NCF sine kommissærar kan velja å kontrollera dette både før start og etter målgang. Bryt du reglementet kan du verta diska og/eller få bot. Sjekk den registrerte drakta for din klubb på [dommeroppsett.info](#).

10.5. Opprop før start

På temporittet må ryttrarane møta ved start seinast ti minutt før start for sjekk av sykkel. Ein kan ikkje forlata området etter det.

På gaterittet og fellesstarten er det innskriving seinast ti minutt før start. Ryttrarar som ikkje skriv seg inn risikerer å ikkje få starta. Innskrivinga skjer på bord i startområdet. Ryttrarane må vera klare for oppstilling på tilvist område seinast fem minutt før start.




11. Arena og Løyper

11.1. Arenakart

Arenakart startområde tempo fredag 7. august:



Arenakart målgang tempo (lite parkering, men kan også parkera på vegskulder langs Skjervsvegen, R13):



Arenakart gateritt laurdag 8. august og fellesstart søndag 9. august:



11.2. Teknisk- og langesone, servicekøyring

Temporittet fredag vert utan fylgjebil og langing.

På gaterittet laurdag vert det merka opp to tekniske soner.

På fellesstartritta søndag vert det servicekøyring og to lange- og søplesonar: inne i Bømoen Leir og mot toppen av Klettesbakkane (grusbakken). Me oppmodar klubbane om å samkøyra i servicebilar for å redusera talet på bilar i kortesjen.







11.3. Løypekart

Fredag 7. august, løypekart og høydeprofil temporitt:


- Løypa er 13 km med 220 hm
- Start frå Granvin (Trudvang ungdomshus), målgang på toppen av Skjervet
- Lukka løypa (dei få som bur langs traseen kan køyra i rittretning)
- Parkering: Ved Granvin barne og ungdomsskule og Ungdomshuset i Granvin ved start og ein del vel mål, sjå arenakart under punkt 11.1. Ikkje steng for bensinpumpene og matvogna som er der.
- Toalett og omkleddingsrom ved start (Trudvang ungdomshus) og toalett ved mål (ingen garderobe)
- Oppmøte seinast ti minutt før start for kontroll av sykklar. Kan ikkje forlata området etter det.
- [Løypa på Strava](#)
- [YouTube-film av løypa](#)
- [3D-film av løypa](#)
- [GPX-fil](#) (kurant app for vising av GPX-filer)





Laurdag 8. august, løypekart og høgdeprofil gateritt:


- Runde på 1,6 km
- Start/runding/mål i Bømoen Leir (løypa går med klokka)
- Lukka løype
- Parkering, toalett, garderobe: Bømoen leir
- Innskriving seinast ti minutt før start på bord i startområdet, ryttrarar som ikkje skriv seg inn risikerer å ikkje få starta
- Ryttrarane må vera klare for oppstilling på tilvist område seinast fem minutt før start
- [Løypa på Strava](#)
- [YouTube-film av løypa](#)
- [3D-film av løypa](#)
- [GPX-fil](#)





Sundag 9. august, løypekart og høydeprofil fellesstart:

- Runde på 17 km og 200 hm, to grusparti (svart strek) på 300 meter og 1,9 km (andel grus er redusert fra 33 til 13 %)
- Start/runding/mål i Bømoen Leir, ytre runde går mot klokka medan indre runde går med klokka
- Delvis lukka løype
- Parkering, garderobe og toalett: Bømoen Leir
- Innskriving seinast ti minutt før start på bord i startområdet, ryttrarar som ikkje skriv seg inn risikerer å ikkje få starta
- Ryttrarane må vera klare for oppstilling på tilvist område seinast fem minutt før start
- [Løypa på Strava](#)
- [YouTube-film av løypa](#)
- [3D-film av løypa](#)
- [GPX-fil](#)





12. Resultat

Startlister, resultatlister og live resultatservice finn ein på EQ Timing.

13. Poeng og Premiar

Alle tre ritta er teljande i Norgescupen og NCF Ranking.

Premieutdeling så snøgt som råd etter målgang til dei tre beste i kvar klasse. For tempoen vert det premieutdeling på toppen av Skjervet, for gateritt og fellestart vert det premieutdeling i Bømoen Leir.

Me er særst takksame for sponning av leiartrøya for beste tid samanlagt i kvar klasse, «Banktrøya», frå Voss Sparebank og premiar frå Vossabia og Endeve Sport AS.

14. Parkering og vegskildring

14.1. Parkering

Bra med parkeringsplassar ved start for tempo, færre plassar ved mål, sjå arenakart under punkt 11.1. Godt med parkering ved porten til Bømoen Leir resten av helga/veka.

All parkering er gratis.

14.2. Vegskildring til Bømoen Leir

Frå Bergen: Kjør Vangstunellen (E16), ta høgre og kjør R13 til Palmafossen, der tek ein venstre inn Tjukkebygdsvegen. Så høgre inn Bømovegen inn til Bømoen Leir.

Frå Stavanger: Me tilrår indre lei via Odda og Hardangerbrua. Kjør R13 til Palmafossen, der tek ein høgre inn Tjukkebygdsvegen. Så ny høgre inn Bømovegen inn til Bømoen Leir.

Frå Oslo: Me tilrår Hardangervidda. Kjør R13 til Palmafossen, der tek ein høgre inn Tjukkebygdsvegen. Så ny høgre inn Bømovegen inn til Bømoen Leir. Alternativet er Hemsedal. Kjør E16 mot Voss, så R13 til Palmafossen, der tek ein venstre inn Tjukkebygdsvegen. Så høgre inn Bømovegen inn til Bømoen Leir.

NB: På sundagen køyrer dei som skal på ritt via Palmafossen og så i rittretning inn flyplassvegen. Ein må ta høgde for noko ventetid for å koma inn til Bømoen leir. Dei som skal heim sundagen mens ritt pågår køyrer i rittretning ut av Bømoen Leir ut Bømovegen til Palmafossen.

15. Informasjon

Sjå info om ritta, om program og løyper med meir, på heimesida til rittet: www.v3e.no.

Sjå også ritta si Facebook-gruppe: <https://www.facebook.com/groups/1570470074002482>

Sjå også Facebook-gruppa til Norgescup landevei: <https://www.facebook.com/NCLandevei>





16. Kontaktpersonar

16.1. Arrangementsnemnd

Rolle	Namn	E-post	Telefon
Rittleiar	Rune Herheim	rher@hvl.no	95272414
Ass. rittleiar/vaktsjef	Martin Hindenes	mhi@vossabanken.no	91626802
Presse/informasjon	Rune Herheim	rher@hvl.no	95272414
Løyper	Sindre Hirth	sindrehirth@hotmail.com	97667714
Arena	Bjarte Vetthe	bjartevetthe@gmail.com	99033279
Sekretariat	Siren Vetthe	sirenv@gmail.com	99370398
Lækjar/sanitet	Kent Ove Heimdal	kentoveheimdal@gmail.com	95927940

16.2. Kommissærer

Rolle	Namn	Klubb	Merknader
Sjefskommissær	Jarle Midtsveen	Ringerike SK	948 32 113
Jury	Morten Sæterhaug	Gauldal SK	911 03 874
Jury	Leif Birger Kleppa	Sandnes SK	466 33 036
Måldommar	Kristoffer Nennestam	SWE	
MC	Veronika Dahle	Kongsberg IF	975 65 440
Pilot	Erling Skjelanger Øgaard	NOR	934 34 403
Utstyr/Radiotur	TBD		
Ass	Torleiv Harrystad	Sandvika SK	957 48 892
Tidtakar	Kåre Stokke	Åsane CK	901 91 642
Ass	Dag Christensen	Vossevangen CK	948 78 880

17. Fordelsavtalar

- SAS-kode: CYKL999. Kan gå via denne lenkja: <https://www.sas.no/reiseinfo/sportsbilletter/>
- Norwegian-kode: CYKLEKL. Legg inn under avtalekode i profilen.





Vårt kvalitetslyfte!

Norges Cykleforbund ynskjer at du som deltakar skal vera trygg på at ritta du deltek på skal vera trygge og ha god kvalitet. Me ynskjer at du som deltakar skal vita kva du kan forholde deg til og kva du får som deltakar på våre ritt.

Arrangør	Arrangør av ritta er Vossevangen CK, som er tilslutta Norges Cykleforbund (NCF) og NIF.
Forsikringar	Rittet er terminlistefesta, og det betyr at arrangør av ritta har ansvarsforsikring gjennom NCF/NIF og du som utøvar er forsikra gjennom heilårslisensen din.
Løyver	Arrangøren har innhenta naudsynte løyver hjå: • Statens vegvesen • Politiet • Vestland fylkeskommune • Voss Herad • Grunneigarar
Varsling	Rittet er varsla omgjevnadane ved: • Infoskilt utplassert 5–7 dagar før arrangementet. • Nabovarsel til Voss Bonde- og småbrukarlag, TINE Meierier, Heimeteneste, næringsverksemdar og dei som bur langs traseane • Pressedekning • Sosiale media
Reglar	Ritta fylgjer NCF sine lover og reglar for gjennomføring av ritt. Ritta er pålagt å fylgja trafikkreglane, med fylgjande dispensasjonar frå Vegtrafikklova: • §4 Trafikkreglar • §5 Skiltreglar • §6 Fartsreglar Alle partar i rittet skal forholde seg til Vegtrafikklova §12: Plikter ved trafikkuhell: Enhver som med eller uten skyld er innblandet i trafikkuhell, skal straks stanse og hjelpe personer og dyr som er kommet til skade, og for øvrig delta i de tiltak som uhellet gir grunn til. Denne plikt har, om det er nødvendig, også andre som er i nærheten eller som kommer til stede. (Utdrag frå §12) Sjefskommissær Jarle Midtsveen har det øvste ansvaret for gjennomføringa av ritta. Alle vegkryssingar vert handsama av kvalifisert personell.
Sanitet	Rittlækjar vil ha base ved mål på alle tre ritta. På tempoen er det ambulanse ved start/mål. På gaterittet er det to ambulansar ved arenaen. På fellesstarten vil ein ambulanse fylgja rittet og ein vera ved start/mål. I tillegg er det to ambulansar på vakt ved Voss sjukehus.
Tryggleiksansvarleg	Kontaktinfo: Rittleiar Rune Herheim, tlf: 95272414 SK Jarle Midtsveen, tlf: 94832113 Vaktsjef Martin Hindenes, tlf: 91613745 Rittlækjar Sjur Børseheim, tlf: 95217845
Prosedyre ved ulykker	Vakter skal rapportera alle hendingar og tiltak til vaktsjef Martin Hinenes på tlf. 91613745.





	Vaktsjef og rittlækjar har ansvar ved uhell og skal ha lista med kontaktnummer på utøvar og pårørande, som er tilgjengelege i lisensdatabasen. Dei har ansvar for å varsle pårørande og andre instansar. Utøvarar som er utsett for uhell, men som klarar seg på eiga hand, skal varsle om hendinga til sekretariat av omsyn til lisensordninga og eventuell bruk av forsikring.
Vakthold	På fellesstarten er det åtte mobile vakter og seks fylgjebilar i kortesjen. Stasjonære vakter står ved kritiske punkt i løypene. Vaktene si oppgåva er å ivareta tryggleiken til ryttrarar/bilkortesje, samt trafikantar som ikkje er tilknytt ritta. Stasjonære vakter har kompetanse-bevis for regulering av trafikk, og skal bera dette beviset godt synleg. I tillegg vil det vera mange løypevakter. Det er rytteren si eiga plikt å vita kvar løypa går og kor mange rundar som skal syklast.
Økonomi	Deltakaravgifta dekkjer kostnader på mellom anna tiltaka nemnt over, samt kommissærar, tidtaking med meir. Eventuelt overskot av arrangementet går til Vossevangen Cykleklubb: • Barne- og ungdomstiltak i klubben • Junior- og seniorsatsing • Ytterlegare styrking av rittet Klubben og arrangementet vert drive på friviljug innsats.

